



Torunn og Nils kosar seg trass i alt i Uskedalen

**Ekteparet Torunn Samdal Olson og Nils Olson var saman med eitt anna båtmannskap dei einaste påskeferiegjestane i båthamnane våre i dag.**

**Både i dei og på Rabben Feriesenter har gjestane til no glimra med sitt fråver utan at det er mogeleg å finna nokon annan forklåring enn veret. Og den forklåringa hell vel heller ikkje ettersom veret faktisk har vore fint**

Vertskapet på Rabben, som er i gang med stor dugnadsinnsats meiner besøket vil ta seg opp onsdag.

Det blide ekteparet frå Langevåg sør i Bømlo kjem frå Fjelberg og meldar om dem same tendensen. Der var det berre to båtar i tillegg til dei. Og dei er forundra over at det er nærmast tomt i Uskedalen for her plar det vera fullt rundt desse tider.

Og her har dei kost seg gjennom fleire påskehelgar og prisar den ro og fred som set sitt preg på staden. Dei har tydeleg til hensikt å bli nokre dagar før dei dreg vidare i ein seglbåt som ligg i høg klasse.

Det er S/Y Endelig som er ein najad og som dei har farta rundt med i det ein kan kalla nordsjøbasssenget i tillegg til Skandinavia,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen